



## Notat

---

Til: Kultur- og idrettsavdelinga

Frå: Ungdommens fylkesutval og Ungdommens bystyre i Bergen

---

Referanse  
2014/560-116

Dato  
26.09.2014

### **Høyringsuttale til PREMISS; KULTUR - frå Ungdommens fylkesutval og Ungdommens bystyre i Bergen**

Ungdommens fylkesutval og Ungdommens bystyre stillar seg positiv til regional kulturplan for Hordaland 2015-2025.

Vi vil gjerne kommentere nokre emnar, som står skrevet i regional kulturplan 2015-2025.

Regional kulturplan handlar for det meste om fritidstilboda her i Hordaland. Det står masse om kva aktivitetar, men lite om kor. Dette er eit problem for mange, grunna mangel på aktivitetar. Folk veit faktisk ikkje kor aktivitetane held til, og dette vil vi få betre opplyst om.

Ungdommens fylkesutval og Ungdommens bystyre stillar seg positive til punkt 4 under 5.2 om å opprette applikasjon til formidling og profilering. Derfor ønskjer vi ein kultur-applikasjon, som opplyser om kor dei ulike kulturtildoda er og når dei er. Applikasjonen kan til dømes innehalde ein kulturkalender, prisar, opningstider og liknande.

Vi ønskjer at det blir fleire kulturtildod i den vidaregåande skulen ved at det står noko om dette i regional kulturplanen for Hordaland 2015-2025. Dette kan gjerast ved å få inn meir kulturelle valfag innan den vidaregåande skulen. Dette har vist seg å være ei veldig populær ordning på til dømes Langhaugen vidaregåande skule.

Vi ønskjer at museum skal bli meir moderne og meir tilrettelagt og tilgjengeleg for ungdom. Museum bør få betre opningstider så dei samarbeider med skulen sine tider. Museum stenger ofte før skulen er ferdig, og dette ønskjer vi å få endra, slik at ungdom faktisk KAN komme seg på museum.

Med helsing

Agnes Hoshovde Bernes  
Leiar  
Ungdommens fylkesutval

Narve Nilssen  
Leiar  
Ungdommens bystyre i Bergen